

- KUNNGJERING -

Haugaland Kraft AS – Søknad om løyve til bygging av Bordalsbekken kraftverk i Bordalsbekken i Tysvær kommune

NVE har motteke ein søknad frå Haugaland Kraft AS om løyve til bygging av Bordalsbekken kraftverk i Tysvær kommune.

Bordalsbekken har utløp i Hervikfjorden. Bordalsbekken kraftverk vil nytte eit fall på 220 m i Bordalsbekken med inntak på kote 220 og med kraftstasjon vest for utlaupet av Bordalsbekken, ved kote 0. I tillegg planleggast ei overføring av vatn frå Sandviksbekken ved kote 290 til Bordalsbekken. Røyrgate på 2500 m er planlagt nedgrave i lausmassar. For tilkomst til inntaket vil eksisterande veg oppgraderast og forlengast med 50 m. For tilkomst til kraftstasjonen vil eksisterande veg nyttast. I perioden 1. mai til 30. september er det planlagt å sleppe minstevassføring på 40 l/s i Bordalsbekken og 30 l/s i Sandviksbekken. Resten av året er det planlagt å sleppe minstevassføring på 30 l/s i Bordalsbekken og 30 l/s i Sandviksbekken. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,8 MW og ein produksjon på 5,9 GWh i eit gjennomsnittleg år.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på servicetorget til Tysvær kommune og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Bjørn Sæle på tlf. 98 23 72 41 eller e-post: bjorn.saele@haugaland-kraft.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **15.06.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Adresseliste for: Bygging av Bordalsbekken kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Haugesunds Avis og Tysvær Bygdeblad

Tal på søknadar	Namn/adresse
2	Tysvær kommune, Rådhuset, Pb. 94, 5575 AKSDAL
	Fylkesmannen i Rogaland, Postboks 59, 4001 STAVANGER
	Rogaland fylkeskommune, Postboks 130, 4010 STAVANGER
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Naturvernforbundet i Rogaland, Postboks 441, 4002 STAVANGER
	NJFF Rogaland, Postboks 313, 4291 KOPERVIK
	FNF-Rogaland v/ Stavanger Turistforening, Pb. 239, 4001 STAVANGER
	Haugesund Turistforening, Postboks 432, 5501 HAUGESUND
	Norsk Ornitologisk forening Rogaland, Boks 372, 4379 EGRSUND
1	RS
1	KM
1	ER
1	SVA
1	KD